



## **Informasjon om dagpengeordninga til sjølvstendig næringsdrivande** (supplement til brosjyren "Dagpengar under arbeidsløyse")

### **Generelt**

For å få rett til dagpengar må det vere snakk om tap både i arbeidsinntekt og arbeidstid på grunn av arbeidsløyse, jf folketrygdlova § 4-3.

For å få rett til dagpengar må tapet vere minst 50 prosent i forhold til vanleg arbeidstid.

Som hovudregel blir vanleg arbeidstid berekna på grunnlag av den arbeidstida ein hadde før ein blei arbeidslaus. Vanleg arbeidstid kan ikkje overstige den lovbestemte arbeidstida for yrket eller næringa.

Vanleg arbeidstid blir fastsett når ein søker om dagpengar, og kan seinare bereknast på nytt på grunnlag av arbeid ved eit eventuelt gjenopptak av dagpengar, jf. folketrygdlova § 4-16.

Arbeidssøkjjarar må gi melding om m.a. arbeidstid på meldekortet, jf. folketrygdlova § 4-8.

Arbeidssøkjjarar som driv eiga næringsverksemd, må oppgi kor mange timar per veke dei arbeider i eiga næring.

Graderte dagpengar blir som hovudregel berekna på grunnlag av reduksjonen i arbeidstid i forhold til fastsett vanleg arbeidstid per veke, jf. folketrygdlova § 4-13.

Det er svært viktig å oppgi rett tal på arbeidde timar på meldekortet. Dersom ein oppgir for få timar, kan det føre til krav om tilbakebetaling av dagpengar, utestenging frå retten til dagpengar i ein viss periode og eventuelt politimelding for trygdemisbruk.

### **Nærmare om gardbrukarar**

For gardbrukarar tek ein utgangspunkt i storleiken på bruket, arbeidsomfanget, mekaniseringsgraden og plasseringa i forhold til marknaden for å berekne kor mange timar vedkommande arbeider i eiga næring.

I "Håndbok for driftsplanlegging" frå Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning finn ein mellom anna tidforbrukstabellar. Desse tabellane kan gi rettleiing når ein skal berekne det totale arbeidsomfanget for gardsbruket.

Når ein har berekna det totale arbeidsomfanget for gardsbruket, trekkjer ein frå arbeidstida til ektefellen/sambuaren. Ved berekning av frådraget bruker ein den forholdsvise fordelinga av avkastning som er oppgitt til likningsstyresmaktene.

Det totale arbeidstidsforbruket må fordelast over dei vekene av året der arbeidet skal skje. Timane skal førast på meldekortet for dei aktuelle vekene. Dersom det skjer endringar i dagpengeperioden, det vil seie at gardbrukaren arbeider meir eller mindre enn det berekna arbeidstidsforbruket, må ein melde frå til NAV lokalt, som justerer overslaget.

## OPPGÅVE OVER ARBEIDSSOMFANG FOR GARDSBRUK

Skal fyllast ut ved søknad om dagpengar til personar som har gardsbruk i kombinasjon med arbeid utanfor gardsbruket. Det er eit vilkår for rett til dagpengar at ein er disponibel for arbeid på full tid og kan ta lønna arbeid straks.

F.nr.: \_\_\_\_\_

Namn: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Eigar av bruket: \_\_\_\_\_

Inntektsfordeling:

Eigar: \_\_\_\_\_ Ektefelle/sambuar: \_\_\_\_\_

Arbeidstidsforbruk på gardsbruket totalt: \_\_\_\_\_ for året \_\_\_\_\_

Arbeidstidsforbruket er berekna på grunnlag av følgjande (legg ved berekning / dokumentasjon på berekning):

Pårekna arbeidstidsforbruk for dagpengesøkjaren på årsbasis: \_\_\_\_\_, som fordeler seg i samsvar med den vedlagde vekeplanen.

Stad, dato: \_\_\_\_\_

Underskrift: \_\_\_\_\_

NAV lokalt \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_ Sign.: \_\_\_\_\_

NAV lokalt skal oppbevare kopi av både side 1 og 2.